



Andrea Albrethson i innsamlingskomitèen tren framleis fleire bøsseberarar.

**I morgon er den årvisse TV-aksjonen, og her i Uskedalen er vi komne i den fortvila situasjonen at vi ikkje har nok bøsseberarar til å dekkja bygda. Derfor oppfordrar rodeleiar Kjell Yri folk som kan gjera ein liten innsats, om å ta kontakt. Du kan melda deg til innsats på 48 89 31 50 eller 926 57913 (Andrea Albrethson).**

Underteikna har fleire år gått med bøsse, og det er ikkje nokon stor innsats. Kjekt er det og. Ein møter mykje blide folk som ofte har pengane klar. I år vert det også fint ver. Innsamlinga føregår mellom klokka 16 og 18, men dei fleste rutene er unnagjort på klart kortare tid enn dei to timane. Oppmøte er i Gamleskulen kl.16.

Innsamlinga i år skal som kjent hindre rasinga av regnskogen. Den skal bidra til å bevare 188 000 kvadratkilometer regnskog i Brasil, 105 000 kvadratkilometer i Peru, nær 100 000 kvadratkilometer på verdas nest største øy New Guinea og 60 000 kvadratkilometer i Kongo.

Vår oppfordring er: Meld dåke til innsats. Oppgåva høver for ei brei aldersgruppe, og dette bør vera ei lita utfordring for dugnadsbygda Uskedalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Ola Matti Mathisen